

# BRAGL

9 KUNSTNARAR FRÅ SOGN OG FJORDANE

# BRAGL

Maria Hjelmeland

Lars Sture

Merete Hol Tefre

Arild Bergström

Geir Sverre Hjetland

Lillian Samdal

Sigrid Bjørkedal

May Elin Eikaas Bjerck  
og Eva Oulie Alvarez

Oddleiv Apneseth

Tekstar: Kjartan Hatløy

Utstillinga er støttet av:



# BRAGI

Mange kjende kunstnarar har hatt eit sterkt forhold til naturen i fylket, og naturen i Sogn og Fjordane. Naturen er også sentral i deler av norsk kunsthistorie. Det nye i dag handlar om å forske ut nytt materiale, nye uttrykksmåtar, ny teknologi. Det er nye generasjonar kunstnarar som gjer dette.

Kunstnarane bak denne gruppeutstillinga har nokre underliggende fellesnemnarar. Den eine er tilknytinga til Sogn og Fjordane; ved at dei enten er frå eller bur i fylket. Den andre handlar om nærliek til og interesse for natur, det vere seg materiale, tema eller motiv. Uttrykk, materialval og bodskap er ulike. Fellesnemnarar finn vi i kontrastane. Når så dette vert bunde saman med lyrikk frå ordkunstnaren Kjartan Hatløy si hand, vert eg nysgjerrig på å bli meir kjend med dette samarbeidet, idéen og sjølvé utstillinga.

Eg helsar velkommen samarbeidet mellom kunstnarar i og frå Sogn og Fjordane. Å sjå denne koplinga mellom godt etablerte kunstnarar og «nye» stemmer i kunstnarmiljøet i fylket, er både gledeleg og spennande.

Sogn og Fjordane har relativt få utøvande kunstnarar buande i fylket. Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer fleire aktive kunstnarar og fleire kulturarbeidsplassar i fylket. Vi ønskjer oss meir kunst som kan utfordre oss i det daglege. Vi som menneske kan lære oss å sjå ting på nye måtar gjennom kunsten. Det treng vi! Samstundes innser eg at det å satse på ein kunstnarkarriere på mange måtar kan vere ein risikosport. Som kunstnar eksponerer ein seg for eit stort publikum, og ein skal ha god rygg og evne til å sortere reaksjonane som måtte komme. Kunsten og kunstnaren si viktige rolle i samfunnet treng oppgraderast, og samtidskunsten må få større plass.

Kunstnarar, arrangørar og publikum – lukke till!

Ingebjørg Erikstad

Fylkesdirektør for kultur,  
Sogn og Fjordane fylkeskommune

# KUNSTNARAR PÅ FFERDE

Pass opp, pass på! – For det er jo deg dei vil nå, deg dei vil ha tak i – denne dag, denne timen, denne stund!

Ei stund med kunst er noko særslig. Kunsten kan endre oss på få sekund. Ja – den aller beste kunst kan fri oss frå all vane og den kan vere oss eit auge som i heldige høve gjer kvar dag spanande.

– Det er nokre menneske frå Fjordfylket som no stiller ut her hos Strilane. Men, for det maktfulle austnorske fleirtalet, så er jo alt nord for Sinsenkrysset = «Sogn». OK då. Så er det berre Sogningars som her kjem saman i kunsten.

Sogn – det er eit heidersord. For, som Hauge skriv: «Odin reid alltid høgt over Sogn – ramnane kom att svidde der». – Eg vonar verkeleg at Hauge har rett her. Vonar at kunstnargruppa som syner seg fram her og no, når såpass høgt opp at, sjølvaste Odin vel å tokke seg unna i respekt. – «Høgt opp» – kva tyder ordet «høgt» her. Kva er «høg kunst»? Mange kan gå mot – men eg meinat at eit verk lyt ha element av oppbyggelse – om det skal kallast høg kunst. – Dette å male eit utval av Europas fauna på ein holevegg for 25 000 år sidan, var oppbyggelse. For – den levande

vakkerheita bygde opp. Vakkerheita og fargane gav glede i augneblinken. Dei nøye framstilte dyra var optimisme og påkalling: Kom snart nær våpna våre, de villdyr, hald fram med å gjere menneskelivet mogleg og godt.

– Mykje nærmare oss i tid, mykje nyare og andre spirer til høg kunst, råkar vi først i det klassiske Egypt – så i Grekenland. – Framfor alt er det desse to folk vi nesten automatisk «har i ryggen» når vi i 2010 står spente i eit rom nett der ulike verk er tilstades og vi nolevande skal til å sjå og vurdere kunst. – Desse to folka sin kunst kulminerte høvesvis 4000 og 400 år før vår tid rekning. – Kunstens rolle i det gamle Egypt var aldri å vere til pynt, eller vere interessant. Egypts kunst, anten i stein, på stein eller på papyrus, var noko så ambisiøst som dette å gje høve til varig samvær med gudar; somme går så langt som å hevde: Egyptarane ville absolutt inn i eit ævleg liv med desse udøyelige!

– I og med biletet, skulpturen, reliefet som syner gudane hos menneska, så er realitet framskaffa. Gudar lever då der i det heilage Egypt, der og då ER dei realitet, den verkelege verda er nett slik. Og all kunsten si oppgåve i Egypt var å framstille denne

verkelegheita, å påverke og manipulere den.

– Ja, kunstens oppgåve den gong, var ikkje mindre enn det å sikre at Universum heldt fram, at gudane, kongen og folket skal få halde fram og ha det godt i all æva, i den ynskte gode balanse mellom dei maktene dette Egypt var ein skodeplass for. Det symbolske uttrykk for denne balansen – var gudinna Ma`-at, ho med strutsefjør på hovudet, og sjølvaste solguden stod ikkje over henne.

Vi i 2010 opplever at ting og mange kjære ting og tilhøve kverv svært snøgt. Men gjennom tusenvis av år var Egyptkunsten nesten den same. Kunstharen skulle i det Riket, vere så godt som heilt løynd. – Først i Hellas vart kunstharen noko nær individuell. Phidias, Pindar og Sappho kunne i større grad vere frie tenkarar. Bystatane dei levde i var jo strenge «demokratiske diktatur», men både dei og tidelege «filosofar» kunne trass hardhendt motbør frå allmenta, både granske, publisere og markere seg. Aten drap rett nok Sokrates, men han styrde seg rett på det hendet sjølv, som det går klårt fram hos Platon.

– Laget av menneske frå Sogn som stiller ut her, er nok individualistar i ei grad som grekarane nok ikkje kunne forestille seg. Kunstverka deira, desse «tinga»

som er tilstades hos ånda, nett no, nett her – tener korkje religionane eller staten. På det beste er det mi von at dei «tener folket». For desse verka som her er å treffe, tener det etter måten vesle skiktet i folket som evnar nyte kunst. – Dette talmessig vesle skiktet, har ikkje konkludert i debatten om kva livet vårt og mennesket eigentleg er for noko. Anten dei er 18 eller 80, så er dei sokande. Dette skiktet søker etter det vakre, eller dei leitar etter visdom, eller dei ser etter begge delar og gjerne på ein og same gong.

Ikkje noko gale sagt om kvardagen vår, men utstillinga som med flid er plukka ut og sett opp, den tilbyr 3–4 kanalar til! – Dei som kjem og ser utstillinga, dei som let verka få ráke seg, dei er alltid allereide både tilstades og utvande i språket.

Men – dei er alltid berre «undervegs til Kunsten»

Haugane, 19.04.2010.  
Kjartan Hatløy

Hyllestad




**'I Rosenkammeren; Asylen;  
Rosenkammeren; Köket'** (2010)

240 x 720cm  
Olje og collage på kryssfiner

Maria Hjelmeland (f.1976)  
Fredrik Meltzersgate 18N-5007 Bergen  
+47 97 03 76 44

[mariahjelmeland@gmail.com](mailto:mariahjelmeland@gmail.com)  
[www.mariahjelmeland.com](http://www.mariahjelmeland.com)



## **It's A Boring Day**

Lars Sture  
skule, 6929 Hersvikbygda (N)  
+47 57 78 79 66 / +47 91 35 94 54

92 Quilter St  
London E2 7BT  
+44 207 613 1283 / +44 7800 603 659

[lesture@broadpark.no](mailto:lesture@broadpark.no)  
[www.larssture.com](http://www.larssture.com)



foto: Olav Røvik

#### **«Carbon»**

200 x 200 x 25

Materiale: Brent tre/stål/plexiglass

Merete Hol Tefre (f.1953)  
postboks 9, 6801 Førde

[www.tefre.com](http://www.tefre.com)  
[merete.hol@tefre.com](mailto:merete.hol@tefre.com)

«Carbon»: Materiale: Tre/stål/plexiglass. Hvert treelement er brent i en kontrollert prosess, så oljet og vokset. Deretter er de montert på skåret plexiglass 10 x10 cm, med stålskruer/mutter, også de brent. «Carbon» består av 400 slike deler. Verket ble laget etter et opphold i Ny-Ålesund på Svalbard i 2004 og 2005. Ny-Ålesund er stedet der Kingsbay-gruvene ble drevet. Gruvene ble nedlagt i 1963 etter en rekke store ulykker som krevde mange menneskeliv. Dette var årsak til politisk storm i Norge, førte til regjeringen Gerhardsens fall. Kingsbay-selskapet eksisterer fremdeles, og har paradokslig nok utviklet dette lille stedet på fra å være produsent av svært forurensende kull, til å bli et sentralt internasjonalt senter for forskning på klima og miljø. Der er forskningsstasjoner fra mange land, og resultater fra disse gir viktige data og kunnskap om klimautviklingen i Arktis og på vår klode. Kullet fra gruvene var et spennende materiale jeg fikk lyst å arbeide med. I dette lå det informasjon og spor etter klodens mange  
g e d i g -  
veltninger.  
konsistens  
terlig, og  
vent. Til i  
måtte felle et  
hagen hjem-  
gikk til det  
Ny-Ålesund,  
er trær, men  
forekomster  
fra en tid  
skoger.... og dermed var prosessen i gang. Jeg hentet deler fra dette og andre trær i nærområdet. Ved å  
brenne tre-elementene, laget jeg mitt eget kull. Karbon. Ordet har flere betydninger. Karbon er navnet  
på en periode i jordens oldtid. Den begynte for 359 millioner år siden og sluttet for 299 mill. år siden. I  
den perioden var Svalbard og Arktis struttende skog- og plantedekket, med rikt dyreliv. Det enorme  
plantematerialet fra den tid hopet seg opp, og ligger i dag som kull-leier i Nord-områdene, og over store  
deler av verden forøvrig. Prosessen som omdannet det organiske materiale til kull, har gitt navnet til tids-  
epoken. Karbon er også navnet på et grunnstoff, kj. tegn C. Karbon er tilstede i de fleste kjente kjemiske  
forbindelser, og er grunnleggende i alt organisk materiale. Det finnes altså i alle levende organismer på  
jorda. Karbon eksisterer også naturlig som diamant, det hardeste kjente materialet på kloden, og som  
grafitt, ett av de mykeste. Karbon er sentralt i fotosyntesen, og i drivhusgassen CO<sub>2</sub>. Tilsett karbon til  
jern, får vi stål. Karbon er superstoffet som er hemmeligheten bak den fremtidsrettede nanoteknologien.

**Eg trur steget mitt fraktar alt  
det fraktar ukjend grunn, som lyftar kloden med dagar  
merkeleg  
eg trur sjostjernene vil meg noko  
når min kropp blir ein svart blomst**

Frå «Steg – frå klar himmel» 2003  
Kjartan Hatløy



*«Berre litt gullslingring i blodbanen er  
mennesketankane  
Berre bortkomme barn av snøgg  
vildrande ævenatt  
Framfor de kruna løvene som ser opp  
frå slaktet av tid»*

Arild Bergström (f.1947)  
Haugland, 6968 Flekke  
+47 913 31 394


e-post: arildbergstrom@gmail.com  
Skype: arild6968



**SAMKJENSLE  
ELLER DET Å STABILISERE**

Geir S Hjetland  
Kvamsøy, 6899 Balestrand

[post@geirhjetland.com](mailto:post@geirhjetland.com)  
[www.geirhjetland.com](http://www.geirhjetland.com)




Lillian Samdal (f. 1981)  
6968 Flekke

e-post: [lillian.samdal@gmail.com](mailto:lillian.samdal@gmail.com)  
[www.lilliansamdal.no](http://www.lilliansamdal.no)

Sigrid Bjørkedal  
(f.1978 – Nordfjordeid)  
Darresgate 3, 0175 Oslo

[sigrid.bjorkedal@gmail.com](mailto:sigrid.bjorkedal@gmail.com)  
[www.sigridbjorkedal.no](http://www.sigridbjorkedal.no)





## TERRENG VAG; ET KUNSTPROSJEKT AV MAY ELIN EIKAAS BJERCK OG EVA OULIE ALVAREZ

«Ordet skal opne seg  
ikkje ha rommet som einaste stad  
det blir når ei raud rhododendron skyt frå skråninga  
kastar kvite skybjørnar heilt opp i briselva i det høgste  
i arbeid for ordets stupande  
heilt omsnudde fjell».

Vi leser denne teksten, av Kjartan Hatløy, som er på leiting, som søker nyskaping. Vi søker i mellomrommet, en ofte udefinert, umerkelig overgang fra en definert situasjon til neste. Men hvordan lese nyskaping, lese noe vi ikke har lært? Nyskaping synliggjør skjulte verdier, ny retning og andre rom. Udefinerte ressurser. Vårt kunstprosjekt tar utgangspunkt i det offentlige rom. Vi søker i mellomrommet sjø og land, mellom faste og bevegelige horisontalplan, i kystkultur, i open form. Vi studerer almannaretten og urbane skala, søker i sammenhenger mellom europeisk kystkultur og det store tallet, og vi har valgt å arbeide med porseletn som en manifestasjon av impulser fra import og eksport. Det dokumenterte arbeidet viser nye overganger mellom Florøs faste og bevegelige golv, med bakgrunn i byens historiske plan. Byens fasade lå til Florøvika og reisende skulle møte byen fra båt. Denne posisjonen gir ny romslighet og nye perspektiver til utvikling av byens offentlighet.

May Elin Eikaas Bjerck  
6847 Vassenden  
+47 913 58 271

mabjerck@online.no

**weber**



4 svarte sniglar  
skal kvar sine vregar

gras er byrja lytte

for desse var skyer lært opp av fjell  
dei vart til i går  
av svart lys  
alle regnseine  
i baner  
kring vårens kvite hus

sanneleg  
noko hos eit menneske  
rekk å forstå  
straks følehorn blygt dreg seg inn  
endeleg opnar ei strålande bok

Oddleiv Apneseth (f.1955)  
+47 41 18 18 61

oddapn@gmail.com



